



Det vart tap mot Gneist frå Bergen (Foto: Silje Bråtun)

Jenter 14 frå Rosendal/Uskedalen møtte diverre veggen i Norway Cup i ettermiddag.

Dei tapte 3-1 for Bergenslaget Gneist 1 i 16-delsfinalen

I vår spela Rosendal seriekamp mot bergensarane og vann med eitt mål, men det var mot Gneist 2..Difor var det grunn til å tru at einarlaget var eit strå kvassare. Og det viste seg altså at det stemte!

Men det starta svært lovande for Rosendal. Det vart mål på ei flott heading ved Ingebjørg Haugland allereie i første minutt.

Litt seinare hadde Gneist sterkt press og fleire gode sjansar, men forsvaret til Rosendal ordna opp. Mot slutten verka det som om Rosendal skulle festa grepet, men Gneist fekk annullert eit mål i siste minutt i omgangen grunna åtak på keeper.

Tidleg i andre omgangen gjorde Rosendal sin keeper ein god jobb etter corner, men etter 5 minuttar vart det mål til Gneist etter klabb og babb etter corner. Minuttet etterpå auka Gneist leiinga då eit langskot spratt over keeper og imål.

Det tredje målet til Gneist punkterte kampen sjølv om Helene hadde eit godt langskot like før slutt. Men keeper redda.

Dermed er eventyret over for jentene, som gjorde ein flott innsats.

Gutar 14 frå Rosendal møter Ølen i B-sluttspel i morgon kl 9.

Av Ola Matti Mathisen